

Vi søker rekneskapsmedarbeidar til vår avdeling for rekneskapstenester i Vestland idrettskrets

NORGES
IDRETTSFORBUND
Vestland idrettskrets



Phone :

Web :

<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/vestland/>

Job Summary

Vacancy :

Deadline : Jun 01, 2025

Published : May 14, 2025

Employment Status : Full Time

Experience : 5 - <10 Years

Salary :

Gender : Any

Career Level : Any

Qualification :

Job Description

Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) er ein frivillig, partipolitisk nøytral og uavhengig organisasjon, og det øvste organ i norsk idrett. Den organiserte idretten er Norges største folkebevegelse med 1 900 000 medlemskap fordelt på over 9 000 idrettslag. NIFs visjon er «idrettsglede for alle». Idrettsforbundet har i dag ca. 370 tilsette fordelt på idrettskretsar, Olympiatoppen og NIF sentralt på Idrettens hus, Ullevaal stadion.

Vestland idrettskrets er eit organisasjonsledd under NIF og omfattar 53 særkretsar og 43 idrettsråd som organiserar over 900 idrettslag med til saman over 220 000 medlemskap. Vestland idrettskrets er den største frivillige organisasjonen i Vestland fylke og har kontor på Idrettens Hus i Førde og Idrettens hus i Bergen. Vi har nyleg etablert ei avdeling for rekneskapstenester for idrettslag og andre organisasjonsledd. I den samanheng er vi no på jakt etter ein rekneskapsmedarbeidar som kan vere med på å forenkle kvardagen til idrettslaga i Vestland og bidra til gode strukturar for økonomistyring. Avdelinga består i dag av fire tilsette i ulike stillingsprosentar som til saman utgjer 2,3 årsverk. Vi tilbyr ei nyoppretta fast 100 % stilling der hovudfokus vil vere rekneskapsføring og utvikling av gode økonomirutinar for idrettslaga våre i Vestland. Arbeidsstad vil vere Idrettens Hus i Bergen.

Arbeidsoppgåver

- Rekneskap frå A til Å for små og store idrettslag
- Løn frå A til Å
- Oppfølging og ansvar for eiga kundeportefølje
- Effektivisering og utvikling av prosessar i avdelinga og mot idrettslaga

Kvalifikasjonar

- Relevant høgare utdanning innan økonomi, rekneskap eller revisjon
- Erfaring med Excel
- Erfaring med Tripletex er ein fordel
- Erfaring frå idrett eller andre frivillige organisasjonar er òg ein fordel
- Noko erfaring med rekneskapsarbeid, til dømes frå rekneskapskontor, revisjon eller økonomiavdeling

Personlege eigenskapar

- Evne til å jobbe sjølvstendig, strukturert og effektivt
- Nøyaktig og påliteleg
- God på planlegging og prioritering
- Tenesteinnstilt, imøtekomande og har gode kommunikasjonsferdigheiter, både munnleg og skriftleg
- Trivst med ansvar
- Lagspelar som likar å utvikle deg sjølv og andre

Avdelinga er ein eiga resultatenheter i idrettskretsen. Vi har ein ambisjon om å vere fagleg leiande innan rekneskap for idrettslag. Vi har ein kort årsoppgjerperiode og legg til rette for god planlegging slik at behovet for overtid vert halde på eit minimum.

Søknadsfrist: 01. juni 2025, men søknadane vert vurderte fortløpande, så send gjerne inn søknad alt i dag.

Vi tilbyr eit engasjerande, inkluderande og triveleg arbeidsmiljø med stor takhøgde. Du blir ein del av eit tverrfagleg miljø som vektlegg høg kvalitet og kunnskapsdeling. Vi har gode forsikringsordningar og per i dag pensjonsordning i Statens Pensjonskasse. Vi tilbyr også høve til trening i arbeidstida og løn etter avtale.

I NIF jobbar vi for å skape idrettsglede for alle. Med det oppdraget er det heilt naturleg at vi ønskjer å byggje eit mangfaldig og inkluderande team av svært dyktige individ som brenn for å gjere norsk idrett til ein inkluderande arena. Vi har stor tru på at vi alle utmerkar oss og er meir kreative når vi får lov til å vere oss sjølve, og vi ønskjer difor å byggje ein kultur der alle kjenner seg heime. I NIF ønskjer vi tilsette med ulik kompetanse, tilnærmingar, perspektiv, alder, kjønn, livserfaring, mangfaldskompetanse og bakgrunn. Mangfald er viktig både for arbeidsmiljøet og for jobben vi skal gjere.

Kontaktpersoner:

Emilie Leirvik
Avdelingsleder regnskapstjenester
95485200
emilie.leirvik@idrettsforbundet.no
Ole Nilsen
Økonomikonsulent
92685085
ole.nilsen@idrettsforbundet.no

Education & Experience

Must Have

Educational Requirements

Compensation & Other Benefits
